

Til Vener alle stader

Norske kvekarar samla til sitt 203. årsmøte 26.-27. juni 2021 helsar til Vener i alle land. Me er framleis i pandemien og kunne ikkje samlast fysisk på ein stad, slik me har gjort i over 200 år. Men 38 kvekarar frå heile landet og i ulike aldrar, irekna gjester frå Sverige og Finland, kom i lag i Ånda denne helga for å dela tankar, halda forretningar og vera i lag i song og leik. I løpet av det siste halvtanna året har me halde dei fleste av møta våre digitalt, og me er glade for at teknologien i dette tilfellet har hjelpt til med å knyta oss saman og halda på den gode fellesskapen mellom oss. Dessverre hadde me ikkje eit eige barneprogram denne gongen. Dette er det andre året på rad at me har måtta halda årsmøte digitalt, så me gler oss til å kunna samlast med dei andre nordiske kvekarane i Kungälv, Sverige til felles årsmøtesamling i 2022.

Me er takksame for at pandemien covid-19 ikkje har ramma oss så hardt som ein kunne frykta. Samtidig går tankane og medkjensla vår til menneske i andre land der situasjonen er mykje meir dramatisk. Me held dei i Ljoset, i håp om at felles innsats kan få bukt med denne skræmmande sjukdommen på verdsbasis. Vårt privilegium som innbyggjarar i ein fredeleg og velståande del av verda, forpliktar oss til å arbeida for ei meir rettvis fordeling av ressursar og ei betre ivaretaking av vårt felles miljø og klima.

Hans Eirik Aarek har gjennom sitt doktorgradsstudium sett nærmare på utviklinga av det norske Kvekersamfunnet i det 20. hundreåret. Temaet for foredraget var: «Kva er det som held Kvekersamfunnet saman over tid?» Han delte sine funn og innsikter med oss i innleiingsforedraget på årsmøtesamlinga. Fram til omlag 1970 gjekk det norske Kvekersamfunnet gjennom ei omfattande forandring og modernisering, i eit spenningsfelt mellom det å vera ei «sekt» og det å vera eit meir vanleg trussamfunn. Kvekersamfunnet har tradisjonelt vore vanskeleg å plassera i dette perspektivet. Aarek har funne at Kvekersamfunnet har gjort begge deler – stått fast på opphavlege prinsipp og påverka og tilpassa oss samfunnsutviklinga, avhengig av kva sak det galdt. Dette er verdifull kunnskap som kan hjelpa oss til å forstå oss sjølv litt betre, og forholdet vårt til verda rundt oss. Me samla oss i små samtalegrupper og såg nærmare på desse perspektiva.

Årsmøtet hørde frå Kvekerhjelp, som har fått nye og reduserte rammevilkår etter at norske styremakter ikkje lenger støttar verksemda økonomisk. Dette får følgjer for dei prosjekta i Palestina og i Great Lakes-regionen i Afrika som Kvekerhjelp har støtta i mange år. Hjelpeorganisasjonen er inne i ei krevjande omstilling for å tilpassa verksemda til dei nye og reduserte rammene.

Det norske Kvekersamfunnet har dei siste åra fått nye utfordringar i form av auka krav frå styremaktene når det gjeld struktur og rapportering. I forretningsmøtet drøfta og godkjende me nye vedtekter for å kunna oppfylle desse krava utan å måtta gå på akkord med våre eigne tradisjonar. Samtidig er rekruttering og arbeid for born og unge eit tema me kjem tilbake til med jamne mellomrom. Me ønskjer å styrkja dette arbeidet for å sikra at fellesskapen vår kan bli ført vidare.

Me kjenner oss oppfriska og styrkte i ein djup og kjærleiksfull fellesskap, både med kvarandre og med Vener i alle deler av verda. Trussamfunnet vårt gir oss ein andeleg heim der me kan pusta fritt og dela tankar, inspirasjon og utfordringar. Dette vedkjenner me oss, i djup takksemd og glede.

Den 27. dag i den sjetten måneden 2021

Hanne Hognestad
Skriver Kvekersamfunnet i Norge